



# Lærdal kommune

## Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
110/19	Formannskapet	29.08.2019
048/19	Kommunestyret	05.09.2019

Sakshandsamar: Magnhild Aspevik	Arkiv:	Arkivsaksnr. 19/1010 - 2
---------------------------------	--------	--------------------------

### Høyring - ny forskrift om tilskudd til tiltak i Utvalgte kulturlandskap i jordbruket og verdensarvområdene Vegaøyane og Vestnorsk fjordlandskap

#### Kort samandrag:

Det ligg føre framlegg til ny forskrift om tilskot til tiltak i *Utvalde kulturlandskap i jordbruket (UKL) og verdsarvområda Vegaøyane og Vestnorsk fjordlandskap*. Hovudendinga i forskrifta er at kompetanse til å fatta vedtak er flytta frå fylkesmannen til kommunane.

#### Rådmannen si tilråding:

Lærdal kommune er positive til å ta over forvaltningsansvaret som er omtalt i ny forskrift, under føresetnad av at det vert tilført nok ressursar til å utføra arbeidsoppgåvene som her vert pålagt kommunen.

Lærdal kommune peikar på at *Utvalde kulturlandskap-Lærdal og Vestnorsk fjordlandskap* har lokale, regionale, nasjonale og internasjonale verdiar som skal forvaltast. Dette medfører at Norge som nasjon må bidra til at denne forvaltninga kan utførast på ein god, nødvendig og forsvarleg måte som i dag.

Lærdal kommune meiner at Fylkesmannen framleis må ha ei sentral overordna rolle i forvaltninga av forskrifta, også med tanke på å få lik forvaltninga av midlane i dei mange kommunane som har slike verdfulle område.

## **29.08.2019 Formannskapet**

### **Røysting:**

Tilrådinga frå rådmannen vart samøystes vedteken.

### **FS-110/19 Vedtak:**

Lærdal kommune er positive til å ta over forvaltningsansvaret som er omtalt i ny forskrift, under føresetnad av at det vert tilført nok ressursar til å utføra arbeidsoppgåvene som her vert pålagt kommunen.

Lærdal kommune peikar på at *Utvalde kulturlandskap-Lærdal og Vestnorsk fjordlandskap* har lokale, regionale, nasjonale og internasjonale verdiar som skal forvaltast. Dette medfører at Norge som nasjon må bidra til at denne forvaltninga kan utførast på ein god, nødvendig og forsvarleg måte som i dag.

Lærdal kommune meiner at Fylkesmannen framleis må ha ei sentral overordna rolle i forvaltninga av forskrifta, også med tanke på å få lik forvaltninga av midlane i dei mange kommunane som har slike verdfulle område.

## **05.09.2019 Kommunestyret**

### **Røysting**

Tilrådinga frå Formannskapet vart samrøystes vedteke.

### **KS-048/19 Vedtak:**

Lærdal kommune er positive til å ta over forvaltningsansvaret som er omtalt i ny forskrift, under føresetnad av at det vert tilført nok ressursar til å utføra arbeidsoppgåvene som her vert pålagt kommunen.

Lærdal kommune peikar på at *Utvalde kulturlandskap-Lærdal og Vestnorsk fjordlandskap* har lokale, regionale, nasjonale og internasjonale verdiar som skal forvaltast. Dette medfører at Norge som nasjon må bidra til at denne forvaltninga kan utførast på ein god, nødvendig og forsvarleg måte som i dag.

Lærdal kommune meiner at Fylkesmannen framleis må ha ei sentral overordna rolle i forvaltninga av forskrifta, også med tanke på å få lik forvaltninga av midlane i dei mange

kommunane som har slike verdfulle område.

### **Vedlegg:**

Høringsbrev - Forslag til ny forskrift om tilskudd til tiltak i Utvalgte ku(1)

Høringsnotat - UKL og verdensarv

### **Relevante dokument i saka**

### **Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.**

### **Saksutgreiing**

Det ligg føre framlegg til ny forskrift om tilskot til tiltak i *Utvalde kulturlandskap i jordbruket (UKL) og verdsarvområda Vegaøyane og Vestnorsk fjordlandskap*.

Høyringsfristen er sett til 16.september 2019.

Forskriftsendringa er eit ledd i Stortinget sitt vedtak om at ansvar for forvaltning av desse to ordningane skal overførast til kommunane frå 1.1.2020.

Det er ingen endring i formålet med tilskotsordninga eller endring i type tiltak som kan få støtte frå ordninga. Hovudendringa i forskrifta er at kompetanse til å fatta vedtak er flytta frå Fylkesmannen til kommunane. Det kjem ikkje fram i høyringsnotatet om det følger med økonomiske verkemiddel til kommunane for å utføre desse oppgåvene. Det står mellom anna i notatet at; *«kapasitet og kompetanse på kommunalt nivå er kritiske faktorar for å kunne forvalte tilskuddsordningar på en god måte»*

I høyringsnotatet kjem det fram fylgjande oppgåver som kan bli overført til kommunane:

- Lokal koordinator
- Initiere tiltak
- Ansvar for utarbeiding av planar
- Søknadsbehandling og utbetaling av tilskot
- Rettleiing av og kontakt med grunneigarar/driverarar o.a.
- Inngå avtaler
- Budsjett, rapportering og kontroll

For Lærdal kommune medfører ei evt endring i forskrift tilført forvaltningsansvar for tilskot til jordbruket i Vestnorsk fjordlandskap – Nærøyfjordområde, og tilskot til tiltak i UKL-Lærdal. Hovudtyngda i arbeidsmengd for Lærdal kommune, vert UKL-ordninga. Denne arbeidsoppgåva slik den vert utført i dag, har eit ressursbehov på kring 25% stilling.

Landbruket i verdsarvområda og UKL-Lærdal har ein stor verdi knytt til jordbrukslandskapet. Det er difor sett av nasjonale midlar til gardbrukarar og andre, som gjer ein viktig jobb for å ta vare på desse verdiane.

### **Økonomiske konsekvensar**

Dersom det ikkje vert løyvd nasjonale midlar til kommunane til å forvalte tilskotsordninga, må Lærdal kommune sette av midlar i sitt driftsbudsjett tilsvarande ei 25% stilling.

### **Vurdering**

UKL-Lærdal fekk sin status i 2018, på grunnlag av det verdfulle jordbrukslandskapet som er i Lærdal, både det historiske og det moderande. Landskapet har lokal-, regional-, nasjonal- og internasjonal verdi. Det ligg føre ein førebels forvaltningsplan for område. Det vert i løpet av 2019 utarbeida ein meir heilskapleg plan for UKL-Lærdal. Desse planane skal leggast til grunn for vidare skjøtsel og prioritering av tiltak.

Utvikling og ivaretaking av jordbrukslandskapet i Lærdal er viktig for Lærdal kommune, både for matproduksjon, og som berar av kulturhistoriske- og biologiske verdier. Desse verdiane betyr mykje for dei som bur og lever i landskapet, og for dei som kjem på besøk. Me veita at mange vitjar Lærdal for å gå langs Kongevegen og for å oppleve det vakre landskapet i dalen. Lærdal er og godt kjend for dei gode landbruksprodukta som vert produsert i dalen. Det er naturverdier og Lærdal sin geografiske plassering i landet, som har lagt grunnlag for desse verdiane.

Felles landbrukskontor ÅLA sine erfaringar frå dagens oppfølging av arbeidet med tiltaksplan for kulturlandskapet i Nærøyfjordområdet, og forventa arbeid med UKL-Lærdal, tilseier at ein vesentleg innsats frå det offentlege er viktig for nå måla som er sett.

Rådmannen meiner at Lærdal kommune ved Felles Landbrukskontor ÅLA, er budd til å ta over forvaltningsansvaret for tilskotsordninga, med tilstrekkeleg ressursar tilgjengeleg. Rådmannen meiner og at kommunen må få tilført midlar frå det offentlege for å utføra denne viktige arbeidsoppgåva. Her er det både **regionale-, lokale-, nasjonale- og internasjonale verdier** som skal forvaltast og utviklast vidare.

Rådmannen meiner og fylkesmannen framleis må ha ei sentral overordna rolle i forvaltning av ordningane, med t.d. rettleiing og kontakt med grunneigarar, drivarar og andre. Det er og viktig at nokon har ei samordningsrolle, for å sikre lik handsaming av ordninga i dei ulike kommunane. Denne rolla er det heilt naturleg at Fylkesmannen har.